



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Hilde Koppen og Stein Hugo Fykse.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 16/25 – 19/25

F 16/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 13.05.2025
Vedlegg	Møteboka frå 13.05.25 Innkallinga til møtet 19.08.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 17/25	ORIENTERINGAR
	- Tilstandsrapport for kyrkja. Vi har laga liste over prioritering ved eventuell brann i kyrkja. Den er til både oss internt og til brannvesenet. - Amelie K. Storebø startar i stillinga som trusopplærar på Fedje 1. september. Ho får i oppdrag å lage plan for arbeidet som blir presentert til soknerådet i oktober.

F 18/25	VARMEPUMPER I KYRKJA
Vedlegg: Anbud Enkom og KG elektro	<u>Bakgrunn:</u> AU har behandla to anbud. Eit frå KG elektro og eit frå ENKON. Det er stor prisforskjell på tilboda, men AU ser det som best for oss å gå for KG elektro sitt tilbod sidan det inkluderer alt arbeid. Jostein Hauge har



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	sendt søknad til bispedømmet om installering av varmepumper, og skal greie ut om låneopptak. <u>Drøfting:</u> Det trengs soknerådsvedtak for å ta opp lån, samt det må godkjennast av kommunen. Skal me søkje om eit lån på kr. 328.000,-? Det er KG elektro sitt pristilbod utan moms. Då har me midlar til å fikse ein del av dei andre tiltaka som Ingeniør Aarland anbefalar. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Soknerådet vil ta opp lån pålydande kr. 328.000,- til installering av varmepumper i Fedje kyrkje. Kyrkjeverje skal innhente lånetilbud og ta kontakt med kommunen.</i>
Vedtak:	Soknerådet vil ta opp lån pålydande kr. 410.000,- til installering av varmepumper i Fedje kyrkje. Kyrkjeverje skal innhente lånetilbud og ta kontakt med kommunen.

F 19/25	FOTOBOK
	<u>Bakgrunn:</u> Kåre Paulsen har laga ei fotobok som dokumenterer prosessen om korleis kyrkjeskipet vart laga. Bør me kjøpe den og la den ligge tilgjengeleg i kyrkja? <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd ynskjer å kjøpe inn fotoboka til Kåre Paulsen. Den skal ligge tilgjengeleg i kyrkja.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd ynskjer å kjøpe inn fotoboka til Kåre Paulsen. Den skal ligge tilgjengeleg i kyrkja.

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Jostein Hauge.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Varamedlemmer: Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Hilde Koppen og Stein Hugo Fykse.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 17/2025 – S 21/2025

S 17/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 13.05.2025
Vedlegg:	Møteboka frå 13.05.25 Innkallinga til møtet 19.08.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 18/25	MØTEDATOAR
	Soknerådsdatoar fram til hausten 2026: (forslag som kan endrast) ○ Tysdag 21. oktober kl. 17.15 ○ Tysdag 13. januar kl. 17.15 ○ Tysdag 17. mars kl. 17.15 ○ Tysdag 02. juni kl. 17.15 ○ Tysdag 01. september kl. 17.15
Vedtak	Soknerådsdatoar fram til hausten 2026: ○ Tysdag 21. oktober kl. 17.15 ○ Tysdag 13. januar kl. 17.15 ○ Tysdag 17. mars kl. 17.15 ○ Tysdag 02. juni kl. 17.15 ○ Tysdag 01. september kl. 17.15

S 19/25	ORIENTERINGAR:
	Oppfølging til «Skikk og bruk i Guds hus» med Stein Hugo Fykse. Det blir temakveld i kyrkjelydshuset på Austrheim onsdag 24. september kl. 19.00. Soknerådet er spesielt invitert. Obligatorisk for tilsette. Det er tatt kontakt med bedehuset om felles barnearbeid på Fedje. Bedehuset er interessert og skal ta det opp i styret. Aktuelt arbeid er barnekoret. Avventer initiativ frå bedehuset.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 20/25	HALVÅRLEGE ARRANGEMENT
	<u>Bakgrunn:</u> Monica, Hilde og Martin er i gruppa som skal planlegge halvårlege arrangement i kyrkja. Dette er ein del av samarbeidet med kommunen. Det skal lagast ein 3-årig plan. Kva ynskjer soknerådet av arrangement?
Vedtak:	Soknerådet anerkjenner at gruppa jobbar vidare med planen. Frist til neste møte med å legge fram ein plan for arbeidet.

S 21/25	EVENTUELT
	• Inngang ved dåpssakristiet; ytterdør har behov for krok. Dørstokk i dør inn til kyrkjeskipet gir utfordring ifht. rullestol. <u>Fjern dørstokk eller monter trekantlist til hjulene.</u> • Sjukeheimen har stilt spørsmål om overføring av gudstjeneste ikkje virkar lengre. <u>Kyrkjelydssekretær informerer sjukeheimen om at det har vært vikar for kyrkjetenar i sommar, derav ingen overføring.</u> • Kyrkjeringen skal ha basar 25. oktober, og spør om soknerådet kan bidra med kake eller gevinst. <u>Stine har ei liste, meld kva du kan bidra med. Gjeld vara og.</u> • Redaksjonen til Kvardag&Helg ønskjer eit innlegg frå soknerådet om sommeropen kyrkje. <u>Odd-Arild tar på seg og skrive eit innlegg.</u>